



**Jobbnorge-ID:** 110790

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Professor/førsteamanuensis i moderne kinesisk språk og kinastudier

Institutt for framandspråk ved Universitetet i Bergen lyser ut ei fast fulltidsstilling som professor/førsteamanuensis i moderne kinesisk språk og kinastudier. Startdato i stillinga er 1. januar 2016 eller så snart som råd etter denne datoen.

Institutt for framandspråk (IF) har meir enn femti fast vitenskapleg tilsette, tolv administrativt tilsette og kring 25 ph.d.-studentar. Instituttet tilbyr studieprogram i arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, russisk, tysk og i spansk språk og latinamerikastudium. IF har òg eit bachelorprogram i kinesisk språk, og instituttet har som målsetjing å etablere eit master- og ph.d.-program. I tillegg til den utlyste stillinga, har kinesiskfaget frå før ein førsteamanuensis.

### Kvalifikasjonskrav

Den som vert tilsett, må ha ein norsk doktorgrad eller tilsvarande utanlandsk doktorgrad i kinesisk språk, språkutdanning eller andre område innan kinastudier. Søkjarane må dessutan kunna dokumentere forskingsaktivitet og vitenskaplege publikasjonar på eit høgt internasjonalt nivå og ha klare forskningsplanar innan relevante felt. Røynsle frå leiing av forskingsprosjekt, frå koordinering av forskingsaktivitet og frå strategisk forskingsarbeid vil bli lagt vekt på. Erfaring frå internasjonalt forskings- og undervisningssamarbeid er ein føremon.

I tråd med vanleg praksis er kvalifikasjonskrava høgare for ei stilling som professor enn for førsteamanuensis.

Kinesiskfaget er ein del av eit vidare forskings- og undervisningssamarbeid knytt til japansk språk, kinesisk språk og Austasia-studier ved Universitetet i Bergen. Det blir lagt til grunn at den som får stillinga, skal ta del i den vidare utviklinga av dette samarbeidet saman med andre fag og avdelingar ved universitetet.

Den som vert tilsett, må kunne undervise i både kinesisk språk og kinastudier.

Solid undervisningserfaring er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett, må kunne ta del i undervisninga av kinesisk språk og kultur på alle nivå ved universitetet. Pedagogisk grunnopplæring er eit krav. Søkjarar som ikkje stettar dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om slik opplæring og må dokumentere at ho er gjennomført innan to år etter tilsetjingsdato.

Undervisning, rettleiing og eksamensarbeid blir vanlegvis gjennomført på norsk og kinesisk. Norsk er administrasjonsspråket ved instituttet. Den tilsette må meistre norsk eller eit anna skandinavisk språk, eller læra seg norsk innan to år i stillinga.

Den som vert tilsett, må flytta til Bergen. Universitetet i Bergen gjev økonomisk støtte til flyttekostnader.

Alle tilsette må, utan omsyn til eiga fagleg spesialisering, ta felles ansvar for det samla faget og utviklinga av undervisningstilbodet. Alle må òg vere villige til å ta på seg administrative oppgåver.

Innanfor normal arbeidsplikt og fagleg kompetanse kan den som vert tilsett, verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Det skal leggjast reell vekt på pedagogiske kvalifikasjonar ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarar må dokumentere høvelege pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved at det vert sendt inn:

- Dokumentasjon for gjennomført pedagogisk utdanning
- Evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- Oversikt over undervisningsomfang og -nivå
- Oversikt over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- Studentprisar søkjaren har fått
- Eigne pedagogiske publikasjonar
- Eigne undervisningskompendium og eige undervisningsmateriell
- Rapportar som syner deltaking i prosjekt knytte til utvikling av undervisning som til dømes alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø.

### Løn

Løn etter lønssteg 74 (kode 1013), for tida frå kr. 662.400 per år for professor.

Løn etter lønssteg 60 (kode 1011/LR24), for tida frå kr. 508.800 per år for førsteamanuensis. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.

For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Eit pensjonsinnskott på 2 % vert trekt frå og betalt til Statens pensjonskasse.

### Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få frå førsteamanuensis Shouhui Zhao (fagkoordinator for kinesisk) på telefon 55 58 23 70 eller e-post [Shouhui.Zhao@if.uib.no](mailto:Shouhui.Zhao@if.uib.no) eller frå førsteamanuensis Åse Johnsen (instituttleiar) på telefon 55 58 22 90 eller e-post [ase.johnsen@if.uib.no](mailto:ase.johnsen@if.uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjorde offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

### Slik søkjer du stillinga

Søknad saman med CV og liste over publikasjonar skal sendast elektronisk via «SØK STILLINGEN». Dette må følgje søknaden:

1. Søknadsbrev
2. Samandrag av doktoravhandlinga, inntil 3 sider
3. Skanna versjon av originale eller stadfesta kopiar av alle vitnemål frå universitet/høgskule
4. Liste over representative vitenskaplege arbeid
5. Namn og kontaktinformasjon for tre referansepersonar
6. Dokumentasjon av og informasjon om pedagogisk innsats og kvalifikasjonar

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

Dessutan må følgjande sendast til Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, N-5020 Bergen, Norge (eller elektronisk til [post@if.uib.no](mailto:post@if.uib.no)):

1. Fullstendig publikasjonsliste (3 kopiar)
2. Tre sett med opp til 5 vitenskaplege arbeid (doktoravhandlinga medrekna, anten i si opphavlege form eller revidert manus sendt til publisering)

I tillegg kan inntil 5 arbeid av populærvitenskapleg og/eller praktisk art, t.d. undervisningsmateriale, leggjast ved søknaden. Akademiske publikasjonar som ikkje er sende inn som del av søknaden, vert ikkje vurderte.

Hovudkriteriet for vurderinga vil vere kvaliteten på det innsendte forskingsmaterialet, deretter vil undervisning, populærpublikasjonar, administrativt arbeid o.a. verte vurderte.

Dei fremste kandidatane vert inviterte til intervju og prøveforelesing ved instituttet.

**Søknadsfrist: 01.04.2015**

**Søknaden skal merkast: 15/1740**

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidssted: